

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD (EU) 2015/278****2019/EØS/77/04****av 18. februar 2015****om endring av avgjerd 2010/221/EU med omsyn til nasjonale tiltak for å hindre innføring av visse sjukdommar hjå vassdyr i delar av Irland, Finland og Det sameinte kongeriket***[meld under nummeret K(2015) 791](\*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 2006/88/EF av 24. oktober 2006 om helse- og hygienekrav til akvakulturdyr og -produkter og om forebygging og bekjempelse av visse sykdommer hos vanndyr<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 43 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Etter kommisjonsavgjerd 2010/221/EU av 15. april 2010 om godkjenning av nasjonale tiltak for avgrensing av verknaden av visse sjukdommar hjå akvakulturdyr og viltlevande vassdyr i samsvar med artikkel 43 i rådsdirektiv 2006/88/EF<sup>(2)</sup> kan visse medlemsstatar nytte restriksjonar på omsetning og import av sendingar med vassdyr for å unngå innføring av visse sjukdommar til territoriet sitt, på det vilkåret at dei anten har prova at territoriet deira eller visse avgrensa område av territoriet er frie for slike sjukdommar, eller at dei har innført eit utryddings- eller overvakingsprogram for å oppnå dette.
- 2) I samsvar med avgjerd 2010/221/EU skal dei medlemsstatane og delar av medlemsstatane som er oppførte i vedlegg I til den nemnde avgjerda, reknast som frie for dei sjukdommane som er oppførte i det vedlegget. Ved den same avgjerda vart i tillegg dei utryddingsprogramma som visse medlemsstatar har vedteke, godkjende med omsyn til dei områda og dei sjukdommane som er oppførte i vedlegg II til avgjerda. Ved denne avgjerda vart òg overvakingsprogramma for østersherpesvirus 1 µvar (OsHV-1 µvar) som visse medlemsstatar har vedteke, godkjende med omsyn til dei områda som er fastsette i vedlegg III til avgjerda.
- 3) I vedlegg I til avgjerd 2010/221/EU er følgjande delar av Det sameinte kongeriket no oppførte som område som er frie for østersherpesvirus 1 µvar (OsHV-1 µvar): territoriet til Storbritannia, bortsett frå Whitstable Bay i Kent, munninga av elva Blackwater i Essex og Poole Harbour i Dorset, området Larne Lough i territoriet til Nord-Irland og territoriet til Guernsey.
- 4) Det sameinte kongeriket har meldt frå til Kommisjonen om at det òg er påvist OsHV-1 µvar i *Crassostrea gigas* (stillehavsosters) frå elva Crouch i Essex. Dette er eit nytt utbrot av OsHV-1 µvar i eit område på territoriet til Storbritannia som i dag er godkjent som fritt for denne sjukdommen. Den geografiske avgrensinga av områda til Det sameinte kongeriket med godkjende nasjonale tiltak som er oppførte i vedlegg I til avgjerd 2010/221/EU, bør difor endrast.
- 5) Det sameinte kongeriket har òg meldt frå til Kommisjonen om at opplysningane om den geografiske avgrensinga av dei delane av Nord-Irland som er godkjende som offisielt frie for OsHV-1 µvar i vedlegg I til avgjerd 2010/221/EU, ikkje er i samsvar med fråsegna frå denne staten. Den riktige avgrensinga skal vere «Territoriet til Nord-Irland, bortsett frå Dundrum Bay, Killough Bay, Lough Foyle, Carlington Lough og Strangford Lough». Vedlegg I bør difor endrast.
- 6) Fastlandssonene til territoria til Finland er oppførte i vedlegg II til avgjerd 2010/221/EU som territorium som har eit godkjent program for utrydding av bakteriell nyresjuke (BKD).
- 7) Difor vart det ved avgjerd 2010/221/EU godkjent visse nasjonale tiltak i Finland for flytting av sendingar med akvakulturdyr av mottakelege artar til desse områda. For å kunne vurdere på nytt kor føremålstenlege desse nasjonale tiltaka er, vert likevel det tidsrommet der medlemsstatane kan nytte desse tiltaka, avgrensa ved artikkel 3 nr. 2 fram til 31. desember 2015.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 47 av 20.2.2015, s. 22, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 76/2015 av 30. april 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 42 av 4.8.2016, s. 5.

(<sup>1</sup>) TEU L 328 av 24.11.2006, s. 14.

(<sup>2</sup>) TEU L 98 av 20.4.2010, s. 7.

- 8) Finland har meldt frå til Kommissjonen om at dei vil trekkje tilbake BKD frå lista over sjukdommar hjå vassdyr som det er obligatorisk å motkjempe og utrydde i Finland. Den avgjerda tok til å gjelde 1. desember 2014. Frå den datoen har Finland følgjeleg ikkje lenger noko utryddingsprogram for BKD som er godkjent i samsvar med artikkel 43 i direktiv 2006/88/EF, for heile eller delar av territoriet sitt. Posten for Finland i vedlegg II til avgjerd 2010/221/EU bør difor strykast, og denne endringa bør nyttast frå 1. desember 2014.
- 9) I vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU er det no ført opp sju segment på territoriet til Irland som har eit godkjent program for overvaking av østersherpesvirus 1 μvar (OsHV-1 μvar).
- 10) Irland har meldt frå til Kommissjonen om at OsHV-1 μvar er påvist i eitt av desse segmenta, nemleg Askeaton Bay i segment seks. Den geografiske avgrensinga av segment seks i posten for Irland i vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU bør difor endrast.
- 11) Avgjerd 2010/221/EU bør difor endrast.
- 12) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Vedlegg I, II og III til avgjerd 2010/221/EU vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda skal nyttast frå 1. desember 2014.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 18. februar 2015.

*For Kommissjonen*

Vytenis ANDRIUKAITIS

*Medlem av Kommissjonen*

## VEDLEGG

## «VEDLEGG I

**Medlemsstatar og område i medlemsstatar som er rekna som frie for dei sjukdommane som er oppførte i tabellen, og som er godkjende for å gjere nasjonale tiltak for å hindre innføring av desse sjukdommane i samsvar med artikkel 43 nr. 2 i direktiv 2006/88/EF**

Sjukdom	Medlemsstat	Kode	Geografisk avgrensing av området med godkjende nasjonale tiltak
Vårviremi hjå karpe (SVC)	Danmark	DK	Heile territoriet
	Irland	IE	Heile territoriet
	Ungarn	HU	Heile territoriet
	Finland	FI	Heile territoriet
	Sverige	SE	Heile territoriet
	Det sameinte kongeriket	UK	Heile territoriet til Det sameinte kongeriket Territoria til Guernsey, Jersey og Isle of Man
Bakteriell nyresjuka (BKD)	Irland	IE	Heile territoriet
	Det sameinte kongeriket	UK	Territoriet til Nord-Irland Territoria til Guernsey, Jersey og Isle of Man
Infeksiøs pankreasnekrose (IPN)	Finland	FI	Fastlandssonene til territoriet
	Sverige	SE	Fastlandssonene til territoriet
	Det sameinte kongeriket	UK	Territoriet til Isle of Man
Infeksjonar med <i>Gyrodactylus salaris</i> (GS)	Irland	IE	Heile territoriet
	Finland	FI	Nedbørfelta til Tenjoki og Näätämonjoki; nedbørfelta til Paatsjoki, Tuulomajoki og Uutuanjoki vert rekna som buffersoner
	Det sameinte kongeriket	UK	Heile territoriet til Det sameinte kongeriket Territoria til Guernsey, Jersey og Isle of Man
Østersherpesvirus 1 μvar (OsHV-1 μvar)	Det sameinte kongeriket	UK	Territoriet til Storbritannia, bortsett frå Whitstable Bay i Kent, munninga av elva Blackwater og elva Crouch i Essex og Poole Harbour i Dorset Territoriet til Nord-Irland, bortsett frå Dundrum Bay, Killough Bay, Lough Foyle, Carlington Lough og Strangford Lough Territoriet til Guernsey

## VEDLEGG II

**Medlemsstatar og delar av medlemsstatar som har program for utrydding av visse sjukdommar hjå akvakulturdyr, og som er godkjende for å gjere nasjonale tiltak for å motkjempe desse sjukdommane i samsvar med artikkel 43 nr. 2 i direktiv 2006/88/EF**

Sjukdom	Medlemsstat	Kode	Geografisk avgrensing av området med godkjende nasjonale tiltak
Bakteriell nyresjuka (BKD)	Sverige	SE	Fastlandssonene til territoriet
Infeksiøs pankreasnekrose (IPN)	Sverige	SE	Kystområda til territoriet

## VEDLEGG III

**Medlemsstatar og område i medlemsstatar som har program for overvaking av østersherpesvirus 1 μvar (OsHV-1 μvar), og som er godkjende for å gjere nasjonale tiltak for å motkjempe denne sjukdommen i samsvar med artikkel 43 nr. 2 i direktiv 2006/88/EF**

Sjukdom	Medlemsstat	Kode	Geografisk avgrensing av området med godkjende nasjonale tiltak (medlemsstatar, soner og segment)
Østersherpesvirus 1 μvar (OsHV-1 μvar)	Irland	IE	Segment 1: Sheephaven Bay Segment 2: Gweebarra Bay Segment 3: Killala Bay, Broadhaven Bay og Blacksod Bay Segment 4: Streamstown Bay Segment 5: Bertraghboy Bay og Galway Bay Segment 6: Poulnisharry Bay Segment 7: Kenmare Bay»